

Vedtekter for Lærdal båteigarlag

Nye, reviderte vedtekter gjeld frå 2019. Dei vart vedtekne av årsmøtet 13. mars 2019. Desse erstattar vedtektene for Lærdal båteigarlag frå skipingsdatoen 17. april 1964, med senere revisjoner.

§ 1 Namnet på laget

Namnet på laget er Lærdal Båteigarlag, skipa 17. april 1964.

§2 Føremål

Føremålet er å fremja og ta vare på dei interessene laget har når det gjeld bruk av fritidsbåtar.

Vidare skal laget arbeida for kontinuerleg vidareutvikling og vedlikehald av hamneanlegg, bygningar, utstyr og friareal knytte til hamneanlegget.

Alle medlemmene må ta godt vare på eigenlutene til laget.

I tillegg skal ein vera oppteken av å oppretthalda eit godt, sosialt og mellommenneskeleg miljø, både i hamneområdet og på sjøen.

Laget skal og arbeida for å skaffa medlemmene gode, trygge og rimelege båtplassar, og utvikla godt sjømannskap ved å tilby maritime kurs både for medlemmer og andre båtinteresserte.

§ 3 Juridisk person

Laget er sjølv eigande og ein frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 4 Medlemmer / medlemskap

Alle personar over 16 år kan søkja medlemskap i laget.

Søknad om opptak i laget skal ein senda skriftleg til styret i laget. I søknaden må ein opplysa om namn, adresse, alder og annan kontaktinformasjon.

Vidare skal ein opplysa om båttype, storleik og registreringsnummer.

Styret handsamar søknader om medlemskap i den rekkjefylgja dei kjem inn.

Når styret finn høveleg båtplass til søkjaren, vil ein kunna stetta søknaden om medlemskap. Godkjend medlemskap gjev rett til båtplass.

Det er opp til styret v/hamnesjefen å tildela båtplass.

Hamnesjefen har fullmakt til å flytta båtane til medlemmene til andre bryggjeplassar i hamna. Dette gjer ein for å utnyttja hamna maksimalt, og når tryggleikssyn gjer dette naudsynt.

Medlemskapen gjeld frå 1.mai til 30.april påfølgjande år.

Utmelding av laget må sendast skriftleg til styret innan 30.april. Retten til båtplass opphøyrer frå same dato

Medlemskap kan ikkje automatisk overførast til ny eigar av båt til tidlegare medlem. Ny båteigar må søkja på vanleg måte, og søknaden skal handsamast av styret i innkomen rekkjefylgje.

Ved død kan medlemskap overførast til rettmessige livservingar, frå foreldre til born.

§ 5 Medlemsplikter

Søkjær av medlemskap pliktar ved innvilga søknad å gjera seg kjend med vedtektene og hamnereglementet som gjeld til kvar tid, lover og anna reglement, og å etterleva dei.

Medlemmene har eit eige og sams ansvar for å sjå til at båtar og eigneluter som laget eig, ikkje vert utsette for skade.

Ved påførd skade har skadevaldar ansvaret for å varsla hamnesjefen og sjå til at skaden vert reparert / betalt erstatning innan rimeleg tid...

Alle båtar som har motor, skal vera registrerte og ha montert kjennemerke på båten. Når det gjeld avgjerder knytte til hamneområdet, er hamnesjefen suveren og har fullmakt til å handheva desse.

Medlemmene pliktar å betala årskontingent og avgifter uoppmoda, etter utsend faktura og innan gjeldande betalingsfrist.

Medlemmene pliktar og å melda skriftleg til styret om endringar i personalia, adresse, telefonnummer, epostadresser og endringar i opplysningar som låg føre ved søknad om medlemskap.

Dersom ein medlem vurderer å skaffa seg annan eller større båt, skal hamnesjefen kontaktast føreåt for godkjenning om det er plass til denne i hamna.

Det kviler også plikt på medlemmene til å verna om interessene og ryktet til laget, og til å bidra til orden og reinsemd i hamna.

Medlemmene pliktar og å delta i vaktordningar i hamna, dersom styret finn dette naudsynt.

Medlemmene pliktar årleg å delta på dugnad og andre felles aktivitetar, etter behov og minimum 4 timar. Dette skjer etter innkalling frå styret / hamnesjefen.

Dersom medlemmer eit år har utført svært mykje dugnadsarbeid eller reparasjonar i hamna, kan dette avreknast over fleire år.

Medlemmene pliktar å ta imot dei tillitsverva dei vert valde til.

Kvar medlem kan nekta attval for like lang tid som han har sete i eit tillitsverv.

Brot på medlemspliktene kan føra til reaksjonar etter § 15.

§ 6 Røysterett og valførleik.

Alle medlemmer har røysterett og er valføre til tillitsverv i laget.

§7 Kontingent

Årsmøtet fastset kontingenten. Ved innmelding skal det betalast eit innmeldingsgebyr fastsett av årsmøtet. Når eit medlem vert teken opp i laget midt i eit kalenderår, skal kontingent betalast for heile året. Innmelde etter 1.november betaler innmeldingsgebyr og halv kontingent.

Faktura vert send ut i god tid før 1. mai, til innmelde etter 1.november i desember.

Betalingsfristen er 2 veker. Ved purring på ubetalt kontingent etter at betalingsfristen er gått ut, vil det verta plussa på eit gebyr som årsmøtet fastset.

I tillegg skal det betalast avgifter for brukt straum, leige av utstyr etc.

Det vert berre sendt ei purring. Dersom kontingenten ikkje vert betalt innan purringstidsfristen, vil styret handsama saka etter § 15.

§ 8 Godtgjersle til dei tillitsvalde

Årsmøtet skal ta stilling til kven av dei tillitsvalde som skal motta godtgjersle, og kor stor ho skal vera. Det sitjande styret skal utarbeida framlegg til dette for årsmøtet.

§ 9 Årsmøte

Årsmøtet er høgste myndet i laget, og alle medlemmer har tilgjenge til det. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av mars, og skal kallast inn av styret med minst 2 vekers varsel. Innkallinga skal innehalda fullstendig sakliste.

Framlegg som medlemer ynskjer handsama på årsmøtet, skal vera sende til styret seinast 2 veker før møtet.

Årsmøtet er vedtaksført med det talet røysteføre medlemmer som møter. Ingen har meir enn ei røyst. Røysting kan ikkje skje ved fullmakt.

På årsmøtet kan ein ikkje handsama framlegg om vedtektsendring som ikkje er oppført på saklista seinast 2 veker før årsmøtet.

Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik avgjerd kan ein berre ta i samband med godkjenning av saklista.

§ 10 Leiing av årsmøtet

Møteleiar vald av dei frammøtte leier årsmøtet.

§ 11 Røysting på årsmøtet

Eit lovleg samankalla årsmøte er vedtaksført med dei frammøtte medlemmene. Det kan ikkje røystast med fullmakt.

Val av medlemmer til styret skjer ved at det vert røysta for ein medlem om gongen. Valet vertavgjort med eit fleirtal av dei avgjevne røystene.

Dersom ingen får fleirtal ved fyrste røystinga, vert det røysta på nytt mellom dei to kandidatane som har fått flest røyster ved fyrste røysting. Får kandidatane likt tal røyster ved andre røysting, vert valet gjort ved loddtrekking.

§ 12 Oppgåvene til årsmøtet

Årsmøtet skal:

- 1 Handsama årsmelding
- 2 Handsama rekneskap i revidert stand med revisormelding
- 3 Handsama innkomne saker
- 4 Fastsetja kontingent
- 5 Handsama framlegg til budsjett

6 Velja:

- Leiar og nestleiar
- 3 styremedlemmer
- Sekretær
- Hamnesjef
- 2 vararepresentantar til styret
- 2 revisorar (vert valde for 1 år)
- 1 vararepresentant for revisorar (vert vald for 1 år)
- 3 medlemmer til valnemnd – 2 valde frå årsmøtet og 1 vald frå styret (valde for 1 år)

Valperioden for alle i styret er 2 år. Leiar og nestleiar skal veljast skiftevis kvart sitt år.

7 Fastsetja godtgjersle til medlemene i styret

8 Fastsetja hamnereglement / instruks

§ 13 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte vert haldne når styret bestemmer det, eller minst ein tredel av dei røysteføre medlemene krev det.

Innkalling skjer på same måte som for ordinære årsmøte, med minst 2 vekers varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama og ta avgjerd i dei sakene som er kunngjorde i innkallinga.

§ 14 Styret

Mellom årsmøta er styret høgste myndet i laget.

Styret skal ha 7 medlemmer: leiar, nestleiar, hamnesjef, sekretær og 3 styremedlemmer.

Styret skal:

- 1 iverksetja årsmøtevedtak
- 2 ivareta økonomien i laget i samsvar med budsjett godkjent av årsmøtet
- 3 handheva vedtekter, lover og anna regelverk i laget
- 4 oppnemna etter behov komitear / utval / personar for spesielle oppgåver og utarbeida instruks for desse
- 5 administrera og føra naudsynt kontroll med økonomien i laget i samsvar med det som er bestemt
- 6 representera laget utetter

Styret skal halda møte når leiaren krev det, eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemene er til stades.

Vedtaksført gjort med fleirtal av dei avgjevne røystene.

Ved røystelikska tel røysta til møteleiaren dobbelt.

§ 15 Eksklusjon

Ved grovt brot på gjeldande vedtekter, lover og anna regelverk kan styret gå til eksklusjon av ein medlem. Dette krev 2/3 fleirtal av lovleg sett styre. Om ikkje tilhøvet vert retta opp innan rimeleg tid, vil det verta sendt nytt varsel i rekommandert brev, med 2 vekers frist til å retta opp i forholdet. Skjer ikkje dette, kan vedtak om eksklusjon gjerast, og medlemskapen opphøyrer umiddelbart.

Medlemeden misser då alle sine rettar i laget, også retten til båtplass. Vedkomande kan ikkje krevja noka form for refusjon av innbetalt medlemskontingent og må straks betala eventuell restanse.

Medlemeden kan klaga vedtaket om eksklusjon inn for det komande årsmøtet, men ein anke opphevar ikkje eksklusjonen fram til årsmøtet.

§ 16 Vedtektsendring

Endringar i desse vedtektene kan berre gjerast av ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista, og det trengst 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene.

§ 17 Oppløysing

Oppløysing av laget kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Dette krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene.

Samskipnad med andre foreiningar ser ein ikkje på som oppløysing av laget. Vedtak om samanslutning og turvande vedtektsendringar i samband med dette vert gjorde i samsvar med føresegnene om vedtektsendring, jf. § 16.

Ved ei mogleg oppløysing av laget vil eignelutene til laget gå til Redningsselskapet (NSSR)